

KOMMISJONSVEDTAK

2009/EØS/34/08

av 29. august 2005

om grunnleggjande krav som er nemnde i europaparlaments- og rådsdirektiv 1999/5/EF i samband med sikring av tilgangen til naudtenester gjennom Cospas-Sarsat-peilesendarar(*)*[meldt under nummeret K(2005) 3059]*

(2005/631/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 1999/5/EF av 9. mars 1999 om radioutstyr og teleterminalutstyr og gjensidig godkjenning av utstyrets samsvar⁽¹⁾, særleg artikkel 3 nr. 3 bokstav e), og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Visse peilesendarar, som t.d. naudradiopeilesendarar som sender på 406 MHz i Cospas-Sarsat-systemet, er ein del av det globale maritime nauds- og tryggleikssystemet (GMDSS).
- 2) I samsvar med kommisjonsvedtak 2004/71/EF av 4. september 2003 om grunnleggjande krav til radioutstyr som er meint for fartøy som ikkje er omfatta av SOLAS-konvensjonen, og som skal omfattast av det globale maritime nauds- og tryggleikssystemet (GMDSS)⁽²⁾, må produsentar av naudradiopeilesendarar sikre at utstyret vert konstruert på slik måte at det fungerer feilfritt, stettar alle driftskrav innanfor GMDSS i naudssituasjonar og gjer det mogleg med tydeleg og stabil kommunikasjon.
- 3) Peilesendarar som er meinte for andre føremål, er ikkje omfatta av vedtak 2004/71/EF. Ettersom desse typane Cospas-Sarsat-peilesendarar truleg vil verte nytta i stort omfang som naudpeilesendarar, må det systast for at dei, i den grad dei er omfatta av direktiv 1999/5/EF, vert konstruerte på ein slik måte at dei fungerer feilfritt i samsvar med godkjende driftskrav og stettar alle krava som gjeld for Cospas-Sarsat-systemet.

- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for samsvarsvurdering og overvaking av telekommunikasjonsmarknaden —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Dette vedtaket skal nyttast på peilesendarar som skal sende på 406 MHz i Cospas-Sarsat-systemet, og som ikkje er omfatta av verkeområdet for vedtak 2004/71/EF.

Artikkel 2

Peilesendarane som er nemnde i artikkel 1, skal vere konstruerte på ein slik måte at dei fungerer feilfritt i samsvar med godkjende driftskrav når dei vert utsette for det miljøet som dei kan nyttast i. I naudssituasjonar skal dei gjere det mogleg med tydeleg og stabil kommunikasjon med ein høg pålitsgrad ved at dei stettar alle krava som gjeld for Cospas-Sarsat-systemet.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 29. august 2005.

For Kommisjonen

Günter VERHEUGEN

Visepresident

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 225 av 31.8.2005, s. 28, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 57/2006 av 2. juni 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 44, 7.9.2006, s. 3.

⁽¹⁾ TEF L 91 av 7.4.1999, s. 10. Direktivet endra ved forordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

⁽²⁾ TEU L 16 av 23.1.2004, s. 54.